



Trygt skulemiljø på Horpestad skule

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

(Opplæringslova § 9A-2)

Elevane våre skal vere:

- **Trygge** på at dei vaksne ser dei og passar på
- **Rause** ved å inkludera alle og ta vare på kvarandre
- **Modige** for å stå opp for seg sjølv og hjelpa ein venn

#Respekt #Omsorg #Tryggleik

Innhold

1.0	Lov og forskrift	2
1.1	Opplæringslova kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø	2
1.2	Overordna del av læreplanen	3
1.2	Kva betyr dette for oss ?	4
2.0	Førebygging - kva gjer vi for å legge til rette for eit trygt skulemiljø.....	5
2.1	Relasjon vaksen – elev	5
2.2	Relasjon elev – elev.....	5
2.3	Samarbeid skule – heim	5
3.0	Forventningar til tilsette, føresette og elevar på Horpestad skule	6
3.1	Elevane på Horpestad skal møte vaksne som:.....	6
3.2	Elevane på Horpestad skal ha føresette som:.....	6
3.3	Elevane på Horpestad skal:	6
4.0	§ 9.A- 4 Skulen si aktivitetsplikt.....	7
4.1.	Følge med.....	7
4.2.	Gripe inn.....	9
4.3.	Varsle	10
4.4.	Undersøke	10
3.5.	Sette inn tiltak.....	11
3.6.	Skjerpa aktivitetsplikt.....	12
5.0	Årshjul for arbeid som skal sikre eit trygt og godt skulemiljø	14
6.0	Vedlegg.....	16
5.1.	Observasjonsskjema	16
5.2.	Aktivitetsplan – mal	17
5.3.	Evalueringskjema – mal	19
5.4.	Varslingskjema.....	21
5.5.	Ordensreglement Klepp kommune.....	22



1.0 Lov og forskrift

1.1 Opplæringslova kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.

§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast

direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter [§ 9 A-4](#) tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6. Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ [9 A-4](#) og [9 A-5](#) er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

1.2 Overordna del av læreplanen beskriv grunnsynet som skal prege den pedagogiske praksisen i grunnopplæringa.

- Vi skal arbeide med menneskeverdet, sosial læring og utvikling, folkehelse og livsmeistring, eit inkluderande læringsmiljø, undervisning og tilpassa opplæring og samarbeidet mellom heim og skule.

Folkehelse og livsmeistring er sentrale tema i den nye læreplanen. Elevane skal få kompetanse som fremmar deira fysiske og psykiske helse, og som gjer dei i stand til å ta ansvarlege livsval. Positivt sjølvbilete og trygg identitet er avgjerande for elevane våre.

Livsmeistring handlar om å kunne forstå og påverka faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Elevane skal læra å handtera medgang og motgang på best mogleg måte.

Sosial læring og utvikling lærer elevane i fellesskap og samhandling med andre. Viktige byggesteinar i elevane si sosiale læring er sosial ferdigheiter som empati, ansvar, sjølvkontroll, sjølvhevding og samarbeid.

1.2 Kva betyr dette for oss ?

Kontinuerleg, langsiktig og systematisk arbeid

Skulen sitt arbeid med å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane er kontinuerleg og systematisk. Med kontinuerleg meiner vi at det systemiske arbeidet er den røde tråden i skulen sitt arbeid, ikkje noko som berre blir gjort når det oppstår vanskelege/utfordrande situasjonar. Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Arbeidet med eit godt psykososialt miljø er sett i system, og strategiane for det førebyggjande arbeidet er inkludert i skulen sitt årshjul.

Arbeidet for eit godt psykososialt miljø skjer i samarbeid med elevane gjennom aktivitet og undervisning, klassemøter, elevsamtalar, elevråd og skulemiljøutval, og i samarbeid med foreldre/føresette gjennom FAU og eit godt skule – heim samarbeid.

Trivsel og opplevinga av å høyre til er eit naturleg samtaleemne i alle treffpunkt mellom elevar, deira føresette og skulen. I tillegg er personalet på skulen bevisste si proaktive rolle ved tilsyn og i overgangssituasjonar. Personalet på skulen og elevrådet skal gjerast kjende med, og delta i drøftingar rundt skulen sin plan for godt skulemiljø minst to gongar kvart år. På denne måten sørgjer vi for at planen blir eit nyttig verktøy i det daglege virke, og ikkje noko vi berre hentar frem ved «behov».

I samband med drøftingane rundt planen må skulen evaluere korleis vi oppfyller aktivitetsplikta og den skjerpa aktivitetsplikta, samt korleis vi informerer og involverer elevar og føresette.

Vi vil arbeide **for** at alle elevane kjenner seg som ein del av eit fellesskap der dei sjølv og deira tankar og meiningar har betydning.

Vi vil arbeide **mot** krenkjande handlingar:

- Ord eller handlingar som barn eller unge opplever som krenkjande for hans eller hennar verd og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå et fellesskap.
- Krenkingar kan ha ulike former. Det kan vere alt frå enkeltståande ytringar eller handlingar til gjentakande episodar. Dette omfattar mellom anna mobbing, vold, rasisme, trakassering og diskriminering.
- Det kan og vere erting, plaging, negative kommentarer, knuffing, bak-snakking, ryktespreiing, utfrysing eller andre handlingar som gjer at elevane opplever å vere uttrygge, eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapet. Både barn, unge og vaksne kan krenke.

2.0 Førebygging - kva gjer vi for å legge til rette for eit trygt skulemiljø

“ Å forebygge og motvirke mobbing vil ikkje lykkast dersom det ikkje samtidig arbeidast langsiktig og målretta med det som har størst effekt på omfanget av mobbinga, nemleg motiverte elevar som trivast som har eit godt forhold til sine lærarar, som bidreg til eit positivt klassemiljø, som får god fagleg støtte og er i trygge fysiske omgjevnader på ein skule som har «orden i sakene» og ein trygg og respektert plass i lokalsamfunnet. Kort og godt: Eit godt læringsmiljø.”

(http://www.udir.no/globalassets/upload/rapporter/2011/5/nifu_mobbing.pdf)

2.1 Relasjon vaksen – elev

- Dei vaksne er forutsigbare, tydelege og skaper positive relasjonar til elevane
 - Veit kva reglar og rutinar vi har
 - Bevisst bruk av smil, seier hei og god morgen, bruker namn og viser interesse for elevane
 - Kontaktlærar har elevsamtalar med fokus på sosial og fagleg utvikling
 - Dei vaksne samtalar om trinna for å kunne møte dei einskilde på ein best mogleg måte
- Dei vaksne er synlege ute, beveger seg på sitt område, hjelper elevar inn i lek, tek elevane på alvor.
- Dei vaksne har fokus på læringsmiljøet til elevane:
 - Legg til rette for samarbeid, læring og utvikling i klasserommet
 - Utøver god klasseleiing
 - Bruker Zippy, Smart Oppvekst, LINK, Gleding, Spinnville følelsar mm i arbeid med klassemiljø
- Dei vaksne legg tilrette for positive opplevingar for trinna og på tvers av trinn:
 - Uteskule , fadderordning, ekskursjonar, aktivitetsveke/dagar, leseprosjekt, mattedagar, FN-rollespel, elevråd, makerspace

2.2 Relasjon elev – elev

- Dei vaksne arbeider for at elevane skal ha eit trygt klassemiljøet der dei utvikler gode relasjonar seg i mellom.
- Elevane er med på å lage klassereglar
- Bevisst bruk av friminuttven, leikegrupper, læringsvenn, vennegrupper, samarbeidsoppgåver
- Klassens time med fokus på klasse- og skulemiljø
- Aktivt elevråd

2.3 Samarbeid skule – heim

- Begge parter arbeider for at denne relasjonen er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje
- Kontaktlærar har jamn kontakt med dei føresette
- Skulen sine ansatte stiller førebudde til møter og samtalar
- Heimen kan ta kontakt med skulen etter behov og får raskt svar og kontakt med dei det gjeld
- Årshjul for samarbeid
- Samarbeid vert og sikra gjennom samarbeidsorgan som FAU, SU, SMU og foreldremøter

3.0 Forventningar til tilsette, føresette og elevar på Horpestad skule

3.1 Elevane på Horpestad skal møte vaksne som:

- Er tydelege på ein omsorgsfull måte
- Tar ansvar for å skapa gode relasjonar til elevane
- Skapar ein skuledag som er forutsigbar og strukturert
- Tar elevane på alvor
- Ser kvar ein skild elev kvar dag
- Rettleier elevane ut frå deira eigenskapar og behov
- Er førebudde til undervisning
- Har jamnleg kontakt med heimen

3.2 Elevane på Horpestad skal ha føresette som:

- Gir elevane god oppdraging og lærer dei folkeskikk
- Framsnakkar skulen og andre elevar
- Sikrer elevane sine primærbehov
- Deltar aktivt i skule/heim samarbeidet
- Engasjerer seg i elevane sin skulekvardag ved å vise interesse og følgje opp leksearbeid

3.3 Elevane på Horpestad skal:

- Respektere medelevar og vaksne
- Halde ordensreglar og klassereglar
- Gjere sitt beste, vere aktive og bidra positivt i timane
- Vere inkluderande og ta vare på kvarandre
- Kome presis, opplagde og mette
- Ta ansvar for skulearbeid og lekser.



4.0 § 9.A- 4 Skulen si aktivitetsplikt

4.1. Følge med

1. Følge med

Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgja med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø (gjeld og vaktmeister, reinhaldarar og helsesjukepleier).

Rektor skal sikra at alle har kunnskap om kva som kan vera teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Personalet må i fellesskap reflektera over kor og når krenkingar kan skje, kven som kan vera utsett for å bli krenka og kven som sjølv kan vere ein som krenker.

Rektor skal sikra at alle på skulen følgjer spesielt godt med på sårbare elevar og at personalet har kunnskap om kva forhold rundt ein elev som kan gjera eleven særskilt sårbar

Rektor skal sikra korleis skulen systematisk får informasjon frå elevane om korleis dei opplever skulemiljøet.

Korleis skal vi følgje med på Horpestad skule:

Skulevegen:

- Vaksne på skulen skal følgja med når ein køyrer til/frå jobb
 - Gje beskjed til kontaktlærer og evt.rektor
 - Gripe inn om nødvendig
- Bussvakt (elevar)
 - Assisterande rektor følger desse opp
 - Bussvaktane melder frå munnleg til ass.rektor/administrasjonen same dag som det skjer noko på bussen
- Viss elevar seier frå om noko som har skjedd på skulevegen
 - Dei vaksne som får informasjonen må ta tak i saka
 - Den vaksne må informera eleven når han/ho har gjort noko med informasjonen

Når elevane kjem til skulen

- Morgonvakt frå kl. 8.10 på området framfor skulen.
- Morgonvakta følger ekstra med ved undergang og sykkelskur
- Lærer er i klasserommet/på møteplass for sitt trinn kl 08.10

Observasjon - formell og uformell

- Alle vaksne følger med på elevar ute, i gangen, i klasseromma og på skulevegen.
- Alle vaksne reagerer ved upassande ordbruk eller kroppsspråk.
- Vi skriv ned når det skjer episodar mellom elevar.
- Vaksne i gangen/døra til klasserommet når elevane er på vei inn og ut av friminutt

Undervisning:

- God klasseleing
 - Godt førebudd, god struktur, rutinar, tydeleg på ein omsorgsfull måte.
 - Alle vaksne som er inne i klasserommet skal kjenne til om det er elevar som er ekstra sårbare, spesielle avtalar mm.

- **Vikar**
 - Vikaren vert informert om reglar/rutiner som er spesielle for klassen
 - Vikaren vert informert om det er spesielle ting som må følgjast med på
 - Vikaren informerer vidare til rektor dersom ein observerer/oplever uønska åtferd/krenkingar

Friminutt

- Vakt
 - Må sirkulere på heile området sitt
 - Ha oversikt over og oppsøke skjulestadar på sitt område.
 - Vera blid, engasjera seg (helse, smile, spørja etter), bruke tid på å observere og byggja relasjonar
 - Visa tydeleg at me bryr oss, ta elevane på alvor
 - Informera andre vaksne om hendingar i friminutt
 - Vere tydelege vaksne som ikkje kjeftar

God kommunikasjon:

- Mellom dei vaksne på skulen
 - Snakke om korleis ein snakkar med elevane, løyser konflikhtar og observerer.
 - Informere dei som treng det om kva ein har sagt/gjort viss det har vore konflikhtar mellom elevar
 - Drøfte/informere om ekstra sårbare elevar på team
 - Informere SFO viss det har vore hendingar med nokre av deira elevar på skulen
- Mellom vaksne og elevar
 - Ha elevsamtalar før utviklingssamtalar og elles etter behov
- Mellom skule og heim - informere føresette om det har vore konflikhtar/ugreie ting på skule/SFO (kva har skjedd/kva har vi gjort/avtalar/kva vi ønsker at føresette skal gjere)

Undersøkingar/kartlegging

- Plan for kor tid ein gjennomfører undersøkingar/samtalar (årshjul)
 - Elevsamtalar
 - Utviklingssamtalar
 - Elevundersøkinga
 - Klassesetivsel
 - Andre undersøkingar ved behov, td. Innblikk eller Spekter

4.2. Gripe inn

2. Gripe inn

Krav om nulltoleranse: Rektor må sørge for at alle som jobbar ved skulen straks grip inn ved krenkingar som utestenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald og diskriminering.

Rektor skal sørge for at dei tilsette kjenner til korleis dei skal gripa inn.

Plikta til å gripe inn er avgrensa til inngrep som er moglege å gjennomføra. Me skal ikkje skada oss sjølv eller andre, eller krenkja andre for å stoppa situasjonen, med mindre det er naudrett.

Korleis skal vi gripe inn på Horpestad skule:

Negativ åtferd skal stoppas på ein tydeleg og respektabel måte.

Den vaksne henvender seg til ein og ein elev (framfor til heile gruppa). Bruk av namn.

Gje tydeleg og klar beskjed, utan å bruke for mange ord. «Eg såg at..., eg høyrde at..., eg har fått beskjed om...)

Lærer har ein plan B som fungere godt for sitt trinn slik at ein kan sette elevane i gang med arbeid for å kunne ta samtalar med elevar. (lesing/arbeidshefte/app/arbeidsprogram)

Avtal oppfølging der det er naturleg.

Enkeltstående konflikter/krenkingar:

- Forsøka å finna ei løysing på staden
- Informer kontaktlærer
- Informer rektor om nødvendig
- Gi elevane tilbakemelding om kva ein har gjort i saka
- Informera føresette om nødvendig
- Dokumentera om nødvendig

Gjentatte konflikter/krenkingar:

- Informera kontaktlærer og andre vaksne på skulen
- Informera rektor
- Observasjon
- Sørge for at elevane får tilbakemelding om kva som er gjort i saka
- Setja inn tiltak; førebygging, i sjølvve situasjonen og konsekvensar
- Informera føresette
- Aktivitetsplan med oppfølging og dokumentasjon
- Elevsamtaler

Ved utagerande åtferd:

1. Sikra andre elevar
2. Sikra deg sjølv
3. Skaff hjelp
4. Sikra den som utagerer

4.3. Varsle

3. Varsle
<p>Rektor skal sikre at alle som jobbar i skulen, raskt varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor skal varsle skuleeigar om alvorlege tilfelle</p>
Korleis skal vi varsle på Horpestad skule:
<p>Ein kan varsle munnleg eller via varslings skjema (ligg i hylla på personalrom og på teams/lister og skjema)</p> <p>Rektor skriv ned varslinga om den er munnleg.</p> <p>Varslinga skal gå til rektor så raskt som mogleg, helst same dag.</p> <p>Det er forskjell på å informera om ein konflikt ein har ordna opp i, og varsling av mistanke/kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt skulemiljø.</p>

4.4. Undersøke

4. Undersøke
<p>Rektor skal sikra at skulen undersøkjer saka snarast når skulen får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.</p> <p>Rektor skal dokumentera og sikra at alle som jobbar på skulen veit korleis dei skal undersøkje og følgje opp at dette blir gjort.</p> <p>Skulen må nytta ulike og varierte måtar å undersøkje på. Undersøkingane skal få fram:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fakta om situasjonen. Avdekka kva som har skjedd. 2. Eleven si oppleving av skulemiljøet. <p>Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven er blitt krenka eller mobba</p> <p>Rektor skal sikre at alle involverte elevar skal bli høyrte.</p> <p>Undersøkingane skal vera grunnlaget for å sette i verk effektive tiltak.</p>
Korleis skal vi undersøke på Horpestad skule:
<p>Samtale med alle involverte, både elevar og tilsette – dokumentere</p> <p>Samtale med føresette</p> <p>Observere systematisk i klasserom/overgangar/friminutt. Ein ekstra vaksen inne ved systematisk observasjon.</p> <p>Kartlegge relasjonar og Kartlegge klassemiljø – Klassetrivselundersøking eller Innblikk/Spekter</p> <p>Alle undersøkingane skal dokumenterast. Bruke chat på teams mellom dei involverte tilsette, ikkje bruke namn.</p> <p>Evt. Samarbeide med andre instansar td. PPT eller BUP.</p>

3.5. Sette inn tiltak

5. Sette inn tiltak

Rektor skal sikra at det blir sett inn eigna tiltak dersom retten til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt. Plikten til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Rektor skal sørgje for at val av tiltak blir gjort ut frå faglege vurderingar. Eleven sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn når ein set inn tiltak. Rektor skal sørgje for at elevar som har tiltak retta mot seg, også har rett til å uttala seg. Det skal også skriftleggjerast.

I tillegg skal skulen følgja opp tiltaka, evaluera verknad av tiltaka og leggja til eller endra tiltak viss det er naudsynt.

Plikten til å setja inn tiltak gjeld så lenge eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Korleis skal vi på Horpestad sette inn tiltak:

Vi bruker Jærskulen sin mal for aktivitetsplan og lagrar denne i eleven si sak i Public 360.

Vi har låg terskel for å nytte aktivitetsplan.

Språket i planen skal vere forståeleg for alle partar.

Vi skriv ikkje namn på andre elevar i planen, men nyttar «den/dei andre elev/elevane».

Skulen kallar inn føresette og informerer om undersøkingane som er gjort og grunngir val av tiltak. Elev og føresette kan kome med innspel til utarbeidinga av tiltaka.

Planen sendes til føresette.

Tiltaka i planen kan rettast mot:

- Den som vert krenka/føler seg utrygg
- Den/dei som krenkjar
- Tilskodarar
- Gruppa/trinnet (det skal vere tiltak for heile trinnet på aktivitetsplanen)
- Heile skulemiljøet

- Tiltaka skal vera tydelege, ha presise mål og hensikta med tiltaket skal konkretiserast.
- Tiltak som er eigna i ei sak kan vera ueigna i andre saker.
- Tiltaka skal evaluerast undervegs og ved eit gitt tidspunkt. (eige skjema)
- Tiltaka skal vera lovlege. Sanksjonar skal vera i tråd med ordensreglementet til kommunen.

Rektor følgjer med på at tiltaka vert gjennomført. Rektor dokumenterer at ein følger opp saka. Rektor og kontaktlærer evaluerer tiltaka undervegs og etter gitt dato. Kontaktlærer har på førehand snakka med elev og føresette for å høyre deira evaluering. Dette vert dokumentert. Skule, elev og føresette vurderer behov for å vidareføre planen/sette inn nye tiltak.

Rektor skal sikre at elevar og føresette får informasjon om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen. Informasjonen vert gitt på foreldremøte om hausten og ligg på skulen si heimeside.

3.6. Skjerpa aktivitetsplikt

§9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar på skulen krenkjer ein elev

Plikt	Kva vil det seie?
Plikta til straks å varsle rektor	<p>Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen, straks varslar rektor dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar ved skulen har krenka ein eller fleire elevar. Dette vert det informert om planleggingsdagen i august. Krenking kan her vera direkte krenkingar eller indirekte krenkingar som utestenging, baksnakking og isolering. Varslinga kan skje munnleg eller ved bruk av varslingsskjema (ligg på personalrommet og på teams/lister og skjema.</p>
Plikta til straks å varsle skuleeigar	<p>Rektor skal sikre at dei tilsette veit at dei skal varsle skuleeigar dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga. Skulesjef i kommunen skal varslast. Rektor skal varsle skuleeigar straks (same dag) dersom det er mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen har krenka ein eller fleire elevar.</p>
Plikte til straks å undersøke saka	<p>Rektor skal sikre at saka vert undersøkt straks.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kort samtale mellom rektor og elev om kva som har skjedd. Notat vert lagt i elevmappa. 2. Rektor varslar den tilsette om saka og informerer om vidare saksgang 3. Rektor kallar inn dei føresette og elev til samtale snarast. Presisere at informasjon frå samtalen blir teken med vidare i samtale med den tilsette. Referat blir lagt i elevmappa. 4. Rektor har møte med den tilsette. Moglegheit for kontradiksjon. Tilsett kan ha med tillitsperson. Referat frå møtet blir lagt i personalmappe. Rektor og den tilsette førebur seg til møte med føresette/elev. Eigna tiltak blir drøfta. 5. Ved behov undersøker rektor saka vidare mellom anna ved samtaler med den som varsla saka og andre involverte. 6. Rektor kallar inn til møte mellom tilsett og føresette/elev. Deltakarane kan ha med seg tillitsperson. Møte blir leia av rektor. Alle partar må kome til ordet. Viktig at det blir lagt til rette for roleg og sakleg "klima". Referat frå møtet blir lagt i personalmappe og elevmappe. Avklare med elev om saka skal følgje vidare saksgang etter §9a. 7. Møte med den tilsette der oppfølging/tiltak blir avtalt. Observasjon og rettleiing som tiltak. Evt.bruk av skriftleg advarsel. Avtale evaluering/oppfølging. Referat frå møte blir lagt i personalmappe. 8. Møte med foreldre/elev der tiltak i aktivitetsplanen blir avtalt. Avtale om vidare evaluering og oppfølging. Referat frå møtet blir lagt i elevmappa. 9. Vidare oppfølgingsmøte etter behov <p>Viss det er ein i skuleleiinga som krenkjer ein elev, skal den tilsette som får kjennskap/mistanke om dette varsle skulesjef.</p>

Elevane har sitt vern og sine rettigheter ivaretatt i opplæringslova. Tilsette har sitt vern og sine rettigheter ivaretatt i arbeidsmiljølova. Både elevane sine og tilsette sine vern og rettigheter skal overhaldast

Elevane og tilsette sin versjon skal vektleggjast lik

Om undersøkinga viser grunnlag for støtte til påstanden/mistanken om krenking, vert det rekna som personalsak og vert behandla deretter.

Om undersøkinga ikkje viser grunnlag fr støtte til påstanden/mistanken om krenking, skal saka fråfallas og belastningar og utfordringar til den tilsette har fått minimerast.

Ein god ven:

Snakkar fint til
og om andre.

Tar med alle i leiken.

Trøystar og hjelper.

Er til å stole på.

Lyttar.



5.0 Årshjul for arbeid som skal sikre eit trygt og godt skulemiljø

Månad	Personalet skule/SFO	Elevar	Føresette
August	Opplæring/informasjon til alle tilsette: Plan for trygt skulemiljø Ordensreglane Rutinar for tilsyn Refleksjon rundt pliktene i 9a/ krenkjande åtferd Fokus på klassemiljø	Gjennomgang av ordensreglement Lage klassereglar Refleksjon rundt kva krenkjande åtferd er Fadderordning 1.trinn og 4.trinn Fokus på klassemiljø alle trinn Zippy og Smart Oppvekst heile året	
September	Arbeid med teori og refleksjon på PU-tid og team (Pedagogisk analyse)	Klassens time 3.-7.trinn Uteskule 1.-4.trinn Elevråd – utviklingsplanen Ekskursjon (naturfag) 5.-7.trinn	Bli-kjend samtaler 1.trinn Foreldremøte
Oktober		Leseprosjekt 1.-4.trinn Oppstart Makerspace 5.-7.trinn	
November	Arbeid med teori og refleksjon på PU-tid og team. Utviklingssamtalar	Klassens time 3.-7.trinn Elevundersøking 6.-7.trinn Klassetrivsel-undersøking 1.-7.trinn Elevsamtalar + utv.samtalar Elevråd Leseprosjekt 5.-7.trinn	Foreldreundersøking SU/SMU– Tema: trygt skulemiljø
Desember	Evaluering av hausthalvåret på team: Kva har vi gjort bra/fått til? Kva utfordringar har vi i vidare arbeid?	Klassens time 3.-7.trinn Juleforestilling Juleverkstad på tvers av trinn 7.trinn arrangerer juleball for 7.trinn på fleire skular	
Januar	Gjennomgang av resultat av elevundersøking og foreldreundersøking	Klassens time 3.-7.trinn Elevråd – resultat elevundersøking	
Februar	Arbeid med teori og refleksjon på PU-tid og team Førebuing til foreldremøte	Klassens time 3.-7.trinn Elevråd Innskriving nye 1.trinn FN-rollespel 5.-7.trinn	Resultat frå elev- og foreldreundersøking i FAU og SU
Mars	Gjennomgang av Klassetrivsel Førebuing utviklingssamtalar	Klassenes time 3.-7.trinn Elevsamtalar Klassetrivsel-undersøking Elevråd Påskedag 1.-4.trinn Påskeverkstad 5.-7.trinn	Foreldremøte (mars-april)
April	Arbeid med teori og refleksjon på PU-tid og team	Klassenes time 3.-7.trinn Elevråd	Utviklingssamtalar

		Utviklingssamtalar 5,-7.trinn Leseprosjekt	
Mai		Klassenes time 3.-7.trinn Elevråd – evaluering utviklingsplan Leseprosjekt 1.-4.trinn Faddertreff nye 1.trinn Mattedag 5.-7.trinn	Foreldremøte nye 1.trinn
Juni	Evaluering av hausthalvåret på team: Kva har vi gjort bra/fått til? Kva utfordringar har vi i vidare arbeid?	Aktivitetsveke på tvers av trinn Aktivitetskveld – partnerskap mot mobbing – heile skulen Sykkeltur 5.-7.trinn 7.trinns fest	Aktivitetskveld – partnerskap mot mobbing

Når det kjem nye elevar i løpet av skuleåret:

- **Kontaktlærer informerer elevar og førsette**
- **Kontaktlærer tar kontakt med foreldrekontaktar på trinnet slik at dei kan ta kontakt med nye føresette**



6.0 Vedlegg

5.1. Observasjonsskjema

OBSERVASJONSSKJEMA : SKULEMILJØ

Elev:

Tidsplan for observasjon:

Bakgrunnen for observasjonen :

Observasjonsnotat

Tidspunkt:

Kor:

Vi ser etter:

- Kroppsspråk
- Plassering
- Gester
- Uttrykk, mimikk
- Augekontakt
- Kommentarer
- Lydar
- Tonefall
- Konkrete handlingar

NB! Hugs å skilje mellom hending og tolking av hending!

Etterarbeid /drøfting:

- Er det mogleg å trekke nokre konklusjonar?
- Er det behov for vidare undersøkingar ved td.elevsamtale?
- Samtale med føresette?

5.2. Aktivitetsplan – mal

Aktivitetsplan jfr opplæringslova kapittel 9A

«Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø»

”Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.»



Skulen vil gjennom ulike tiltak i aktivitetsplanen, og i samarbeid med føresette og elev, arbeide for at eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt.

Planen gjeld for:		
Klasse:	Fødselsdato:	Skule:

Varslinga er motteken:	
Dato:	Mottakar:

Bakgrunn for varslinga/skildring av utfordring:

Informasjon om undersøkingane skulen har gjort:

Nokre tiltak vil vera retta inn mot kartlegging, enkeltelev, grupper og eller klassar/trinn. Eleven sjølv skal medvirke. Det er viktig at ein i utforminga av handlingsplanen ser på den/dei som vert utsett, den dei som utøver og heile klassemiljøet.

Tiltak 1	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Tiltak 2	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Tiltak 3	
<i>Skildring av tiltak</i>	
<i>Grunngjeving av tiltak</i>	
<i>Når vert tiltaket sett i verk</i>	
<i>Ansvar for tiltaket</i>	
<i>Dato for evaluering</i>	

Planen er utarbeidd (dato):	Medverkande:
-----------------------------	--------------

Signatur rektor:

5.3. Evalueringsskjema – mal



Evaluering av tiltak i aktivitetsplan

Jfr. Opplæringsloven kap 9A

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.» §9A-2

«Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald til dette kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.» §9A-3 ledd 2

«Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde.» §9A-4 ledd 5

Utfylt skjema fungerer som referat frå møtet.

Elev:	Klasse:	Dato for møte:
Kven deltar på møtet: (Før- og etternamn)		
Evaluering av tiltak:		

ELEVEN SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis opplever eleven situasjonen nå på skulen? ▪ Korleis opplever eleven at tiltaka har fungert? ▪ Eleven sine synspunkt om vidare oppfølging.

FØRESETTE SI VURDERING:

<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis opplever føresette situasjonen nå på skulen? ▪ Korleis opplever føresette at tiltaka har fungert? ▪ Føresette sine synspunkt om vidare oppfølging.

SKULEN SI VURDERING

- Korleis opplever skulen situasjonen nå?
- Korleis opplever skulen at tiltaka har fungert?
- Skulen sine synspunkt om vidare oppfølging.

OPPSUMMERING

Behov for nye tiltak/ vidareføring av tiltak:	Grunngjeving:
Saka blir avslutta:	Grunngjeving:

Eventuelt dato for nytt evalueringsmøte:	
---	--

Sign. rektor:

5.4. Varslingskjema

Varslingskjema ved brudd på Opplæringslova 9a Leveres til rektor
Eleven sitt namn : Trinn: Namn på varslar:
Beskriving av saka: (kva, kor tid, involverte...)
Dato: Underskrift:
Fylles ut av rektor: Motatt dato: Underskrift:

5.5. Ordensreglement Klepp kommune

Ordensreglement for skulane i Klepp kommune

Vedtatt av hovudutval Barn og unge i Klepp kommune 11.04.19 med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) §9A - 10.

1. INNLEIING

1.1 Formål

Alle skal møta og behandla kvarandre med respekt. Det inneber blant anna at me skal vera opne, lyttande og greie mot kvarandre. Alle er forskjellige, men skal behandlast som likeverdige. Ordensreglementet skal fremje samarbeid, engasjement, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet.

Ordensreglementet tek utgangspunkt i at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen er til for elevane, og ordensreglementet skal bidra til at elevane ønsker og kan vere med på å skape eit slikt miljø.

Det er nulltolerane for krenkande åtferd, som fysisk eller psykisk mobbing, vald og truslar om vald.

1.2 Verkeområde

Ordensreglementet inneheld reglar for både orden og åtferd. Vidare inneheld det reglar for kva slags tiltak (sanksjonar) som skal brukast mot elevar som bryt reglementet i tillegg til saksbehandlingsreglar for korleis slike saker skal behandlast.

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar og turar m.m. der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område. Dette kan vere i prosjekt, på studieturar, overnattingsturar og liknande. I tillegg gjeld ordensreglementet for det som skjer i det digitale rommet i skuletida. Dette inneber at ordensreglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane.

Ordensreglementet omfattar grunnskulane i Klepp kommune. Reglane gjeld også for Klepp kulturskule.

Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er i kva grad eleven følgjer skulen sitt ordensreglement, jf. forskrift til opplæringslova §3-5.

2. ELEVANE SINE RETTAR OG PLIKTER

2.1 Som elev har du rett til

- eit læringsmiljø som gir deg tryggleik og at du høyrer til sosialt.
- å bli høyrte i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen.
- å forklara deg før det blir tatt ei avgjerd om konsekvensar.
- at alle behandlar deg på ein skikkeleg måte.
- at andre viser deg respekt og lar tinga dine vere i fred.
- å vera fri for fysisk, psykisk, verbal og digital mobbing.

2.2 Som elev har du plikt til

- å følge allment aksepterte normer i samfunnet for god folkeskikk og åtferd.
- å følge skulen sitt ordensreglement.
- å rette deg etter meldingar og pålegg frå alle som arbeider ved skulen.
- å arbeide for og bidra til eit godt læringsmiljø.
- behandle andre på ein skikkeleg måte.
- å vise respekt og la andre sine ting vere i fred.
- å ikkje plage eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt.

3. REGLAR

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for barn, unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og blir utvikla. Det er difor viktig at både elevar, føresette og tilsette arbeider for å skapa eit godt arbeids- og læringsmiljø. Skulane i Klepp har som mål at alle skulane i kommunen skal oppleve eit godt og utviklande lærings- og skulemiljø.

3.1 Reglar om orden.

Det er god orden å:

- møte presis til undervisning og avtalar.
- vere førebudd til timane og gjere heime- og skulearbeid til avtalt tid.
- ha god arbeidsinnsats i alle timane.
- ha med læremiddel og utstyr til rett tid.
- vere på skulen og delta i undervisninga heile dagen.
- la andre sine eigedelar vere i fred.
- ta godt vare på personlege eigedelar og så langt det er mogeleg unngå å ta verdisaker med på skulen.
- ta godt vare på skulen sine bygg, inventar, lærebøker, undervisningsmaterieell slik at dei ikkje vert utsette for hærverk og unødig slitasje.
- legge mobiltelefonen/smartklokke avslått på avtalt plass når skuledagen tek til (heime eller på skulen)
- parkere sykkelen eller andre framkomstmiddel ved tilviste plassar og la dei vere parkerte i skuletida.
- legge ytterklede, sko, hovudplagg og vottar på tilvist plass før alle undervisningsøkter.
- halde seg på skulen sitt område i skuletida.
- bruke sykkelhjelm på sykkelturnar i skulen sin regi.

3.2 Reglar om åtferd

Det er god åtferd å:

- behandle andre på ein ordentleg måte og vise respekt og omsyn overfor kvarandre
- ikkje utsetje andre for fysisk, psykisk og/eller verbal mobbing og plaging, digital mobbing og krenkjande åtferd
- ikkje banne, slåss og forstyrre andre sin leik
- ikkje kome med rasistiske utsegn og handlingar, eller sjikanere pga. religion eller livssyn.
- vere hyggelege og høflege mot kvarandre.
- bidra til eit godt lærings- og skulemiljø der ein viser respekt for undervisninga.
- delta i undervisninga i den form ho er gitt, halde arbeidsro i timane og følge gjeldande reglar i prøve- og undervisningssituasjonar.
- ikkje fuske eller plagiere på prøver eller innleveringar.
- ikkje vere rusa og ikkje bruke, oppbevare, omsette eller ha tobakk, e-sigarettar, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.
- ikkje ha ulovlege eller farlege gjenstandar.
- ikkje ha reklame for narkotika, rusmidlar og kriminelle nettverk.
- ikkje kaste snøball anna enn på tilvist plass.
- ha sunne matvanar. Derfor tillet vi ikkje snop/brus/energidrikk på skulen. Snop må avklarast med rektor på førehand.
- ikkje bruke/ha påslått digitalt utstyr utan at det er avtalt med ein lærar.
- ikkje forlata skulen sitt område utan avtale med skulen.

4. SANKSJONAR

Sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Tiltak bør kome så nær regelbrotet i tid som mogeleg. Dersom det er mogeleg, skal eleven gis høve til å gjere opp for seg.

Elevane har krav på å forklare seg for den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i møte med skulen, rett til å ha med seg ein person. Vedtaket skal grunngevast.

Brot på reglar som følger av lov eller reglement, kan sanksjonerast etter reglane i dette kapitlet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Elevane plikter å overhalde pålagde sanksjonar. Dersom så ikkje er tilfelle, kan det påleggjast nye sanksjonar. Fysisk refsing og andre krenkande handlingar skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vasking etter seg sjølv og andre.

4.1. Moglege sanksjonar:

- Munnleg irettesetjing. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Munnleg melding til føresette. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Skriftleg irettesetjing. Dette kan bli gitt av vaksen når ein bryt ein av skulen sine reglar.
- Skriftleg melding til føresette.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eigedom eller eigedelar.
- Erstatning. Dersom elevar øydelegg skulen sitt materiell, bygning, inventar, må dette erstattast etter lov om skadeerstatning.
- Sitje inne i friminutt.
- Undervisning på eit anna trinn for ein periode.
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte og/eller andre gjenstandar som ikkje skal vere med til skulen. Inndregne gjenstandar kan tilbakeleverast til føresette. (Ulovlege gjenstandar vert levert til politiet)
- Fusk på prøvar kan føre til at prøven blir annullert. Om eleven skal få ein ny sjanse, blir vurdert, slik at eleven får høve til å vise kompetansen sin
- Attsitting etter at føresette først har fått melding
- Parade. Lærar kan gje parade. Parade blir nytta ved gjentekne brot på ordensreglementet.
- Bortvisning frå klasse/gruppe for resten av timen eller dagen. Rektor kan delegere til lærarar å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt avgrensa oppover til 2 timar
- Bortvisning frå skulen i inntil 3 dagar for elevar på 8.-10. trinn

Elevar i grunnskulen kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen.

Foreldre/føresette skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.

- Lærar tek mobiltelefonen/smartklokke frå eleven dersom den ikkje ligg avslått og i sekk/skap. Skulen kan behalde mobiltelefonen ut skuledagen, og ikkje utover skuletid
- Midlertidig eller permanent skulebyte
- Nedsett karakter i orden og åtferd
- Skulen vil melda straffbare forhold

4.2 Meir om konkrete brot og /eller sanksjonar:

Mobbing og vald

Krenkande åtferd som mellom anna mobbing, diskriminering, vald eller truslar om vald, blir ikkje akseptert.

Elevar som utøver mobbing, vald eller truar med vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen. Lengda på bortvisinga vil vere avhengig av alvoret. Dersom eleven si åtferd ikkje vert endra etter at tiltak og sanksjonar er forsøkt gjennomførte, kan byte av skule vurderast midlertidig eller permanent. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Skulesjef skal eventuelt ta ei slik avgjerd, jf. oppl.l. §8-1.3. Grove episodar blir melde til politiet.

Ulovlege/farlege gjenstandar

På skulen sitt område eller arrangement er det ikkje lov å ha med seg ulovlege gjenstandar eller gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på seg sjølv eller andre. Narkotikaliberaliserande symbol/reklamesymbol for rusmidlar og symbol for kriminelle nettverk mm er ulovleg i skuletida, samt alt som kan assosierast med kriminalitet, hat og

diskriminering. Gjenstandar kan beslagleggast av skulen. Ulovlege gjenstandar vert overleverte til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert overleverte til eleven sine føresette etter avtale med desse.

Hærverk

Elevar som utøver hærverk, kan påleggast å rydde opp etter seg/utbetre skadar. Ein føresetnad for dette er at eleven bør kunne klare arbeidet, og at arbeidet står i rimeleg forhold til brotet.

Ved hærverk vil eleven og/eller føresette kunne bli haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og anna utstyr. Eleven kan gis høve til å utbetre skadane sjølv, dersom dette er hensiktsmessig.

Skulen skal reagere på same måte dersom elevar øydelegg andre elevar eller tilsette sine eigedelar.

Privat og kommunalt eigd elektronisk/digitalt utstyr, Internett og sosiale medium

Elektronisk utstyr skal berre brukast til skulearbeid styrt av lærar. Skulen sin tilgang til internett skal berre brukast i samband med undervisning. Sosiale media skal nyttast lærarstyrt. Lærar kan inndra utstyr ved bruk som ikkje er avtalt med lærar.

Ugyldig fråvær

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga og plikt til å delta i den form ho er gitt. Ugyldig fråvær er brot på ordensreglementet og skal tilleggast vekt når ordenskarakteren vert fastsett.

Dersom eleven er ulovleg borte frå skulen eller gjentekne gonger kjem for seint, skal føresette kontaktast for å få klarlagt årsaka til fråveret eller at eleven kjem for seint. Dei tiltaka som vert iverksette, må sjåast i samheng med årsaka og eventuelt kor ofte dette skjer. Foreldra må gjerast merksame på det ansvaret dei har ifølgje Opplæringslova §2-1. Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil 10 dagar. Kontaktlæraren avgjer permisjonssøknadar på inntil 2 dagar, jfr. opplæringslova §2-11.

Rusmiddel, tobakk og snus

Det er ikkje tillatt å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.

Skulen kan beslagleggje rusmidla eller tobakken. Ulovlege rusmiddel blir overlatt til politiet.

Vurdering i orden og åtferd

Reglar for vurdering i orden og åtferd er heimla i forskrift til opplæringslova §§3-5 og 3- 6.

Karakteren i orden og åtferd (frå 8. trinn) skal som hovudprinsipp settast ned frå beste karakter ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i skulen sitt ordensreglement.

I tillegg kan karakteren settast ned ved spesielt grove brot på reglementet sjølv om det er snakk om enkelthendingar.

Dersom ein elev står i fare for å få nedsett karakter i orden eller åtferd, skal eleven og dei føresette få skriftleg varsel. Varselet skal gis utan ugrunna opphald slik at betre orden og åtferd kan påverke karakteren.

Politimelding og straffbare forhold

Dersom det føreligg mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om politiet si hjelp. Eleven sine foreldre/føresette skal, dersom det er mogeleg, varslast munnleg samtidig som politiet vert beden om hjelp. Foreldre/føresette skal uansett ha skriftleg melding om at det er søkt om politiet si hjelp.

Skade på skulen sin eigedom vil kunne bli politimeldt. Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som blir utsett for desse, den fornærma, men skulen kan også melde.

Undersøking

Ved grunn til mistanke om brot på reglar knytte til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmiddel og tobakk, kan skulen si leiing be eleven sine føresette om lov til å foreta kontroll av skap eller skulesekk. Dersom det er mogleg, skal eleven sine føresette gis høve til å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

Nødverge

Når det i heilt spesielle, akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, vil det vere nødvendig å stanse eleven. Det kan vera nødvendig å skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i

eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og føresette. Bortvisning vil bli vurdert.

Erstatning

I tillegg til å bli ilagt sanksjonar etter reglementet her, kan eleven bli erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar. Foreldre/føresette kan bli erstatningsansvarlege for skade gjort med vilje eller uaktsamt av deira barn med inntil kr. 5000,- for enkelthending, jf. skadeserstatningslova §1-2.

5. SAKSBEHANDLINGSREGLAR VED SANKSJONAR

Saksbehandling av brot på ordensreglementet følger reglane i opplæringslova. I den grad avgjerda om å illeggje ein sanksjon reknast som eit enkeltvedtak, følgjer ein sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap. III – VI.

Bortvising

Ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet kan elevar på 8. – 10. trinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, jf. opplæringslova §9A - 11.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklare seg munnleg, og ein skal ha vurdert andre sanksjonar.

Foreldre/føresette til elevane skal varslast før bortvising blir iverksett for heile dagar.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Skulen har aktivitetsplikt dersom ein får kunnskap om at eleven ikkje har eit godt og trygt skulemiljø, jf. Opplæringslova §9A-4.

6. PROSEDYRAR FOR VEDLIKEHALD OG OPPFØLGING AV RUTINAR

Årshjul blir utarbeidd av kvar einskild skule.

7. IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.08.2019. Forskrifta gjeld inntil nytt reglement vert vedteke.

8. KUNNGJERING

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved byrjinga av skuleåret. Det vil og vera tilgjengeleg på Klepp kommune sine nettsider <https://www.klepp.kommune.no>